

# PROSJEKTBESKRIVELSE



## Innleiing

side 1-2

## Etablerte prosjekt

side 3-6

## Søknad om nytt prosjekt

side 7-8

## Innleiing


Kolbeinsvik ligg i Austevoll Kommune i Hordaland. Bygda har om lag 160 husstandar og over 500 innbyggjarar i alle aldrar, og er ei bygd i vekst med etablering av fleire nye byggjefelt der både unge og eldre folk etablerer seg i raskt tempo.

Me har ei sær aktiv velforeining i bygda, Kolbeinsvik Vel. I desember 2016 starta me opp eit 2-årig prosjekt me har kalla «**Aktiv i Kolbeinsvik, bygda midt i mellom**». Å vere ei bygd midt mellom dei to store sentrum i kommunen, gjer oss utfordringar fordi avstandane til kommunen sine hovudarenaer er store. Denne utfordringa tar innbyggjarane i bygda på strak arm, men samstundes har me eit sterkt ynskje om å utvikle tilbodet i eiga bygd.

«Aktiv i Kolbeinsvik» er satt i gong for å auke moglegheitene for innbyggjarane i bygda, men også fremme fysisk og psykisk helse i kommunen for øvrig. Prosjektet vart godkjent av årsmøtet i Kolbeinsvik Vel 5.februar 2017.


Bygda Kolbeinsvik har privat barnehage som vert drive av Kolbeinsvik Kvinne og Familielag, og privat barneskule som vert drive av Kolbeinsvik Montessoriskule i umiddelbar nærleik til bygdahuset.

Det første me gjorde var å kartlegge kva moglegheiter me allereie hadde, samt ynskjet blant innbyggjarane om nye aktivitetar. Dette har me illustrert med kartet under.



## Etablerte prosjekt:

- Skiparvikløypa: 1750m lang turløype i storstått natur. Etter ein idè frå dei vaksne damene i bygda, vart løypa utvikla på dugnad av Kolbeinsvik Vel med støtte frå Sparebanken Vest i 2014. Mykje brukt turløype av heile kommunen, og har også vore ein av DNT Austevoll Turlag sine populære «Sommarturar i Austevoll» med meir enn 600 deltagarar.



- Vassnesvatnet: badestrand i ferskvatn med opparbeida plen, sandstrand og badebryggje. Gode mogleigheter for kanopadling og aurefiske. Området vart etablert av Sjøtroll Havbruk AS, og vert vedlikehalde av 60+ mannfolka i velforeininga. Vassnesvatnet vert nytta av heile kommunen: barnehage, skular og Austevoll Jakt og Fiskelag.



- Sandvikjo: langgrunn badestrand i sjø. Påfyll av skjellsand vart utført i 2014 av Kolbeinsvik Vel med støtte frå Austevoll Kommune. Mykje brukt strand både i barnehagen og skulen si undervisning, men også av bygda for øvrig.



- Kunstgrasbane: 7-er bane for fotball med miljøvenleg kunstgrasdekke utan gummigranulat. Etablert våren 2017, som første del av prosjekt «Aktiv i Kolbeinsvik». Offisiell opning 25.mai 2017 med over 400 tilskodarar til venskapleg fotballkamp mot nabobygda Drøna/Rostøy. Utvikla i samarbeid med Austevoll Idrettsklubb, som også bruker banen som avlastingsbane.



Ved sida av fotballbanen, isbingen og aktivitetsparken har me i tillegg etablert bord, benkar og moglegheiter for grilling. Målet er flest mogleg ut i friluft og ein sosial møteplass for bygda.



- Isbanen: tidlegare ballbinge på 16,5x28m som vart etablert i 2004, og vesentleg rehabilert i 2017. Austevoll sin tryggaste og einaste isbane. Mogleg å produsere skøyteis i over 8 plussgrader. Nyopning 6.november 2017. Skøytegruppa i Austevoll Idrettsklubb nyttar banen som øvingsarena for dei yngste skøyteløperane.



- Aktivitetspark: 12 ulike leike- og treningsapparat med fokus på aktivitet som klatring, balanse og styrke. Tiltaket vart starta opp 15.2.2018 og ferdigstilt 22.4.2018. Offisiell opning saman med Austevoll Helselag i samband med Hjartemarsjen med 250 deltagarar.




## **Søknad om stønad til grindabygg**


Kolbeinsvik Vel planlegg oppføring av grindabygg 5x8m i tilknytning til området rundt grillplass og kunstgrasbane på tomten til Kolbeinsvik Vel gnr58 bnr50.

Området der grindabygget er planlagt oppført er eit mykje brukte område for innbyggjarane i Kolbeinsvik. Her har det siste året vore arrangert bursdagsfeiring, grillfest, slektstreff, St Hans-feiring, DNT Kom deg ut-dag og Hjartemarsj arrangert av Nasjonalforeningen for folkehelsen. Me trur at området vil bli endå meir attraktivt med moglegheita for å gå under tak. Me ynskjer å legge til rette for at folk i alle aldrar kan nytte grindabygget til ein møtestad. Staden vil bli eit allsidig rom med høve til både sosial avslapping og aktiv leik. Me ynskjer å ta den gode gamle «Søndagsdykjen» tilbake!

Området er tilgjengeleg alltid og for alle. Det er allereie på plass parkering i nærleiken og asfaltert veg fram til planlagt grindabygg.



Kolbeinsvik Vel eig sjølv eigedomen gnr58 bnr50 som tiltaket er planlagt på. Området der grindabygget er planlagt er regulert som næring, men tett opp til område regulert til bustadområde. Byggjesøknad er under utarbeiding, og me tar høgde for evt justering av plassering for å unngå dispensasjon i høve til bustadområde.



## Kostnadsoverslag:

## Finansiering

Kolbeinsvik Vel søker om stønad på kr 60.000,- for å finansiere tiltaket. Øvrig finansiering gjennom eigenkapital.

Kolbeinsvik Vel søker med bakgrunn i prosjektbeskrivelse om stønad fra Hordaland Fylkeskommune for 2018 for å delfinansiere etablering av grindabrygg.

Kolbeinsvik Vel eig sjølv eigdomen som tiltaket skal utførast på.

Kolbeinsvik, 24.mai 2018

Yngve Drønen Ringdal

**Kenneth Samland**

Leiar Kolbeinsvik Vel

Prosjektleiar Aktiv i Kolbeinsvik